



Rebecca Vågenes

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/1423 - 15/32637

Saksbehandlar:

Øystein Sørhaug

Oystein.Sorhaug@lindas.kommune.no

Dato:

21.10.2015

Søknad til næringsfondet i Lindås kommune

Administrativt vedtak

Lindås kommune dekker kostnader som skissert i søknad med inntil 41.000kr (50%)

Saksutgreiing

Folia Reklame og Dekor (Folia) vart etablert i september 2015, og har inngått leigekontrakt om kontor plass og visningsrom i Kvassnesvegen 58.

Folia skal i hovudsak satse på profileringsartikler, i form av:

- Gaveartiklar til ansatte med eller uten eigen bedrifts logo.
- Klær med trykka eller brodert logo.
- Kontorartiklar med logo.
- Såkalte "give aways" i form av kulepennar, nøkkelringar, deksel til telefon og nettbrett, krus etc. Alt dette med bedriftens eigen logo trykka på produkta.

Gründer søker om støtte til oppstartsaktiviteter som innkjøp av maskin (automatisk symaskin til brodering av logo m.m.), oppstart av showrom og marknadsføring. Prosjektkostnadene er estimert til cirka 82.000kr, kor verksemda dekkjer 50% sjølv (41.000kr).

Vurdering

Lindås kommune er opptatt av å leggje til rette for god og framtidretta samfunns- og næringsutvikling, og ynskjer spesielt velkommen nye bedriftsetableringar som kan føra til arbeidsplassar og verdiskaping. Spesielt er det viktig å fylla regionsenteret Knarvik med moderne arbeidsplassar.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Lindås kommune sitt næringsfond har vidare som føremål å styrka næringsliv og sysselsetting i kommunen.

Lindås kommune er difor positiv til søknaden frå Folia og vil gje følgjande støtte:

- Lindås kommune dekker kostnadar som skissert i søknad med inntil 41.000kr (50%)

Tilskotet kan betalast ut på forskot, då ber me om å få tilsendt eit kontonummer. Lindås kommune ynskjer til slutt ein enkel oversikt som viser kva pengane er brukt på, etter at prosjektet er ferdig.

Lindås kommune ynskjer vidare at den økonomiske støtta frå kommunen vert nytta i marknadskommunikasjonssamanheng, spesielt om verksemda får oppslag i media/lokalmedia.

Lindås kommune ynskjer lykke til!

Med helsing

Øystein Sørhaug
næringssjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Rebecca Vågenes